



## Møtebok for Kommunestyret

**Møtedato:** 09.11.2016  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 17.00 - 20.50

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind H. Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 28.10.16 og møtet var kunngjort i pressa 18.10.16.

Det vart halde gruppemøte frå kl. 17:40-17:50, 18:55-19:05, 19:30 - 19:40 og frå kl. 20:25 - 20:40.

Kommunestyret hadde pause frå kl. 18:20 - 18:30.

Stian Lavik fekk permisjon frå kl. 19:15.  
Kåre Skibenes møtte frå kl. 19:15.

Fredrik Seliussen og Terje Larsen vart erklært inhabile i sak 99.  
Marthe Aadland og Steinar Erstad møtte til sak 99.

I starten av møtet spelte to elevar frå Meland kulturskule fleire musikkstykke på piano.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind H. Oddekalv	AP	Ordførar
Nils Marton Aadland	H	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Kjersti Vikebø Nesse	AP	Medlem
Asbjørn Larsen	AP	Medlem
Tom Inge Karlsen	AP	Medlem
Åse Nina Sudmann	AP	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Thomas H. Wallem	H	Medlem
Fredrik Seliussen	H	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Øyvind Bratshaug	FrP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Ørjan Evald Kristiansen	FrP	Medlem
Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Beate Seveline Eknes	V	Medlem

Leif Johnsen	MDG	Medlem
Morten Klementsens	BF	Medlem
Marthe Aadland	H	Varamedlem
Terje Larsen	H	Varamedlem
Steinar Erstad	H	Varamedlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Varamedlem
Bente Oliveresen Sagstad	SP	Varamedlem
Kåre Skibenes	KRF	Varamedlem
Åshild Aamli	MDG	Varamedlem

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>
Karina Garnes Reigstad	MDG
Rune Lekven Skår	SP
Sølvi Norunn Knudsen	SP
Øystein Berland Blom	H

**Desse møtte frå administrasjonen:** Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, sektorsjef teknisk Anny Bastesen og økonomisjef Per Inge Olsen.

Protokollfører: Randi Hilland

14. november 2016

Øyvind H. Oddekalv  
ordfører

Randi Hilland  
konsulent

Nils Marton Aadland  
varaordfører

## Sakliste

Saknr	Tittel
94/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
95/2016	Godkjenning av møtebok
96/2016	Referatsaker
97/2016	Orientering om status kommunestruktur
98/2016	Finansrapport per 31.08.2016
99/2016	Tilskot til private barnehagar i 2017-fastsetjing av satsar
100/2016	Justering av reglement for formannskapet
101/2016	Justering av reglement for Utval for drift og utvikling (UDU)
102/2016	Intensjonsavtale om vidareføring av utvalde tenester frå Business Region Bergen
103/2016	Reviderte føresegner til kommuneplanen sin arealdel
104/2016	Planstrategi for Meland kommune 2016-2020
105/2016	Høyering - ny kommunelov
106/2016	Uttale, framlegg om mellombels auka bompengesatsar i Bergen
107/2016	Høyeringssvar - framlegg til endringar i matrikkellova, organisering av oppmålingstenesta
108/2016	Innspeil til regional høyringsuttale - Utgreiing om Ringveg øst og E39 nord i Åsane
109/2016	Høyering - intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland	FE - 033	16/2420

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
94/2016	Kommunestyret	PS	09.11.2016

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

#### Kommunestyret - 94/2016

#### KS - behandling:

#### KS - vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland	FE - 033	16/2420

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
95/2016	Kommunestyret	PS	09.11.2016

## Godkjenning av møtebok frå møte 21.09.16

### Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 21.09.2016

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

"Møtebok frå møte 21.09.16 vert godkjent."

### Kommunestyret - 95/2016

### KS - behandling:

### KS - vedtak:

"Møtebok frå møte 21.09.16 vert godkjent."

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland	FE - 033	16/2420

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
96/2016	Kommunestyret	PS	09.11.2016

## Referatsaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
96/2016.1	Meland kontrollutval - møteprotokoll frå møtet 20.09.16

## Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

"Meldingane vert tekne til orientering."

### Kommunestyret - 96/2016

#### KS - behandling:

Følgjande dokument vart delte ut i møtet:

Prosjektinfo - utgave 3 frå Brannsamarbeid i Bergensregionen  
Årsmelding NGIR 2015

#### KS - vedtak:

"Meldingane vert tekne til orientering."

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Ingvild Hjelmtveit	FE - 033	16/2420

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
97/2016	Kommunestyret	PS	09.11.2016

## Orientering om status kommunestruktur

### Saksopplysningar:

#### Kommunestyret - 97/2016

##### **KS - behandling:**

Vellukka fellessamling på Nordhordland folkehøgskule 27. oktober for kommunestyra i dei tre kommunane.

Konstituerande møte i den førebelse fellesnemnda 17. november. I dette møtet skal ein vedta møteplan for våren og mandatet til nemnda.

##### **KS - vedtak:**

"Orienteringa vert teken til vitande."

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 250	16/2480

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
87/2016	Formannskapet	PS	19.10.2016
98/2016	Kommunestyret	PS	09.11.2016

## Finansrapport per 31.08.2016

### Vedlegg:

Meland kommune - rapport gjeldsporteføljen - pr 31 08 16

Meland kommune - rapport gjeldsporteføljen - pr 30 09 16

Meland kommune - Finansrapport 2016-08 (L)(248087)

### Saksopplysningar:

Ihht. til det vedtekte Finansreglement for kommunen skal det utarbeidast finansrapport kvart tertial. Reglementet vart revidert siste gang i sak 38/2015 i Kommunestyret 6. mai 2015.

Det vart ikkje laga rapport per 30.04.2016, og dermed er vedlagte rapport første finansrapport i 2016.

Per 31. august er vi i brudd med finansreglementet når det gjeld gjennomsnittlig gjenværende rentebinding (durasjon), som skal vere mellom 1 og 5 år. Dette kjem fram av vedlagte gjeldsrapport frå BCM per 31. august 2016 på side 6. Forholda vart retta opp i september i samband med opptak av nytt lån med rentebinding på 5 år, og rapporten per 30.09.2016 som og er vedlagt viser at vi nå er innanfor alle krav i det vedlagte reglementet.

### Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret tek Finansrapport per 31.08.2016 til vitande»

### Formannskapet - 87/2016

#### FS - behandling:

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

#### FS - vedtak:

«Kommunestyret tek Finansrapport per 31.08.2016 til vitande»



**Kommunestyret - 98/2016**

**KS - behandling:**

**KS - vedtak:**

«Kommunestyret tek Finansrapport per 31.08.2016 til vitande»

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Mette Marei Træland	FE - 233	16/2492

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
88/2016	Formannskapet	PS	19.10.2016
99/2016	Kommunestyret	PS	09.11.2016

## Tilskot til private barnehagar i 2017-fastsetjing av satsar

### Vedlegg:

Dokumentasjon berekning av satsar for 2017

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Det vart hausten 2015 vedteken ny forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar. Forskrifta gjeld frå 01.01.2016. Private barnehagar har krav på å motta driftstilskot og kapitaltilskot frå kommunen forutsett at barnetalet er innafor dei godkjenningar som er gjevne av kommunen. Vedtak om sats skal i den nye forskrifta vera fastsett innan 31. oktober i året før tilskotsåret. *Kommunen er likevel etter forvaltningslova forplikta til å fatte vedtak utan ugrunna opphald. Vedtaket skal innehalde kommunen si satsberekning eller opplyse om at kommunen vil nytta satsar fastsett av departementet.* Så snart kommunens saksframlegg er vedteken vil administrasjonen opplyse dei private barnehagane om dei berekna satsane for 2017. Det skal i den enkelte kommune fastsetjast ein sats for driftstilskot til private barnehagar. Berekninga skal basere seg på vedteken rekneskap to år tidlegare for tilskotsåret. Det vil seie at for tilskotsåret 2017 skal satsen bereknast på bakgrunn av kommunens vedtekne rekneskap for 2015.

#### Vurdering

Ut fra kommunen si berekning vil driftstilskot per barn til ordinære private barnehagar i 2017 verte som følger:

Sats små barn: kr 180 108

Sats store barn: kr 85 702

Kapitaltilskot per barn: kr 12 262

For Blåklokka og Drømmehagen vert kapitaltilskot per barn hhv. Kr 14 760 og kr 17 400, grunna nyare bygningsmasse.

I tillegg har kommunen og ein privat familiebarnehage som har krav på tilskot. Ettersom kommunen ikkje har eigne familiebarnehagar, må kommunen nytte nasjonal sats for familiebarnehagar ved fastsetjing av tilskot. Då statsbudsjettet endå ikkje er vedteke, viser me til dei noverande nasjonale satsane for familiebarnehagar:

Sats små barn: kr 149 500

Sats store barn: kr 113 700

Kapitaltilskot per barn: kr 12 900

For dokumentasjon på berekning av satsar, venlegast sjå vedlegg.

### **Konklusjon**

Satsane for tilskot vert som i saksutgreiinga og grunnlaget ligg i vedlegg.

### **Framlegg til vedtak:**

«1. Det vert fastsett følgjande driftstilskot per heiltidsplass til ordinære private barnehagar:

Små barn: kr 180 108

Store barn: kr 85 702

Kapitaltilskot: kr 12 262

For Blåklokka og Drømmehagen vert det føreslege følgjande satsar for kapitaltilskot:

Kapitaltilskot Blåklokka: kr 14 760

Kapitaltilskot Drømmehagen: kr 17 400

2. Dersom det vert vedteke endringar i kommunal deflator eller makspris foreldrebetaling barnehage skal satsen for driftstilskot verte berekna på nytt.

3. Tilskot til private familiebarnehagar og kapitaltilskot til private familiebarnehagar vert fastsett på bakgrunn av fastsette nasjonale satsar når statsbudsjettet vert vedteke.»

### **Formannskapet - 88/2016**

#### **FS - behandling:**

#### **Framlegg til endring i møtet av rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

"For Blåklokka og Drømmehagen vert det fastsett følgjande satsar for kapitaltilskot:"

#### **Framlegg til tillegg i møte av rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

"Det vert teke atterhald om endeleg fastsetjing av kapitaltilskot."

### **Avrøysting:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak med endring og framlegg til tillegg vart samrøystes vedteke.**

### **FS – Framlegg til vedtak:**

«1. Det vert fastsett følgjande driftstilskot per heiltidsplass til ordinære private barnehagar:

Små barn: kr 180 108

Store barn: kr 85 702

Kapitaltilskot: kr 12 262

For Blåklokka og Drømmehagen vert det fastsett følgjande satsar for kapitaltilskot:

Kapitaltilskot Blåklokka: kr 14 760

Kapitaltilskot Drømmehagen: kr 17 400

Det vert teke atterhald om endeleg fastsetjing av kapitaltilskot.

2. Dersom det vert vedteke endringar i kommunal deflator eller makspris foreldrebetaling barnehage skal satsen for driftstilskot verte berekna på nytt.

3. Tilskot til private familiebarnehagar og kapitaltilskot til private familiebarnehagar vert fastsett på bakgrunn av fastsette nasjonale satsar når statsbudsjettet vert vedteke.»

### **Kommunestyret - 99/2016**

#### **KS - behandling:**

**Nytt vedlegg til saka vart delt ut i møtet. I vedlegget var det korrigererte satsar for driftstilskot og kapitaltilskot.**

Fredrik Seliussen, H og Terje Larsen, H hadde varsla at dei ville ha sin habilitet vurdert.

Fredrik Seliussen og Terje Larsen gjekk frå ved behandling av habilitetsspørsmålet.

Marthe Aadland, H, tok sete.

Kommunestyret erklærte Fredrik Seliussen og Terje Larsen inhabil i saka.

Steinar Erstad kom ved handsaming av saka og tok sete.

**Marti Jøssang, KrF fremja dei korrigererte satsane for driftstilskot og kapitaltilskot.**

«Det vert fastsatt følgjande tilskotssatsar til private barnehagar i Meland kommune for 2017:

Heildags driftstilskot ordinære barnehagar:

Små born 0 – 2 år: **kr 180 108**

Store born 3 – 6 år: **kr 85 702**

Kapitaltilskot vert fastsett per barnehage avhengig av byggeår.

For familiebarnehagar brukar vi dei nasjonale satsane.

Heildags driftstilskot er:

Små born 0 – 2 år: **kr 156 100**

Store born 3 – 6 år: **kr 118 900**

Kapitaltilskot for familiebarnehage: **kr 13 100**

Følgjande satsar per barnehage i Meland kommune gjeld dermed for 2017:

Satsar for kommunalt tilskot til private barnehagar i 2017	Blåkkokka	Drømme- hagen	Espira Martha- haugen	Leiketun	Leirdalen	Læringsv. Flatøy	Læringsv. Maurtua	Lita-Go fam.bhg
Byggeår	2008 / 2012	2013	2007	2005	2005	1985	2004	
Driftstilskot små barn	180 108	180 108	180 108	180 108	180 108	180 108	180 108	156 100
Driftstilskot store barn	85 702	85 702	85 702	85 702	85 702	85 702	85 702	118 900
Kapitaltilskot per barn	10 240	16 800	8 600	8 600	8 600	8 600	8 600	13 100

#### **Avrøysting:**

**Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**

#### **KS - vedtak:**

«Det vert fastsatt følgjande tilskotssatsar til private barnehagar i Meland kommune for 2017:

Heildags driftstilskot ordinære barnehagar:

Små born 0 – 2 år: **kr 180 108**

Store born 3 – 6 år: **kr 85 702**

Kapitaltilskot vert fastsett per barnehage avhengig av byggeår.

For familiebarnehagar brukar vi dei nasjonale satsane.

Heildags driftstilskot er:

Små born 0 – 2 år: **kr 156 100**

Store born 3 – 6 år: **kr 118 900**

Kapitaltilskot for familiebarnehage: **kr 13 100**

Følgjande satsar per barnehage i Meland kommune gjeld dermed for 2017:

Satsar for kommunalt tilskot til private barnehagar i 2017	Blåkkokka	Drømme- hagen	Espira Martha- haugen	Leiketun	Leirdalen	Læringsv. Flatøy	Læringsv. Maurtua	Lita-Go fam.bhg
Byggeår	2008 / 2012	2013	2007	2005	2005	1985	2004	
Driftstilskot små barn	180 108	180 108	180 108	180 108	180 108	180 108	180 108	156 100
Driftstilskot store barn	85 702	85 702	85 702	85 702	85 702	85 702	85 702	118 900
Kapitaltilskot per barn	10 240	16 800	8 600	8 600	8 600	8 600	8 600	13 100

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Kari Anne Iversen	FE - 033, TI - &00	16/1709

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
84/2016	Kommunestyret	PS	21.09.2016
89/2016	Formannskapet	PS	19.10.2016
100/2016	Kommunestyret	PS	09.11.2016

## Justering av reglement for formannskapet

### Vedlegg:

Reglement formannskapet, justert per september 2016

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Gjennom vedtak i kommunestyret 10.12.08 vart ansvaret for plansaker flytta frå formannskapet til Utval for drift og utvikling. Ordninga vart evaluert gjennom kommunestyrevedtak 04.05.11 og vart då gjort permanent. Diverre vart ikkje endringa retta opp i reglementa, korkje for UDU eller formannskapet.

#### Vurdering

Det er viktig at politiske reglement er korrekte. Reglement for formannskapet bør difor rettast opp i samsvar med den oppgåvedeling som kommunestyret har vedtatt. Det er mogleg at justering av reglementet kunne vore gjort administrativt, men administrasjonen har funne det mest korrekt at kommunestyret gjer vedtak om eit justert reglement. Ansvar for plansaker er difor tatt ut punkt 2, arbeids- og ansvarsområde i reglement for Meland formannskap.

Folkehelse: Ikkje relevant i saka.

Miljø: Ikkje relevant i saka

Økonomi: Ikkje relevant i saka.

#### Konklusjon

Reglement for formannskapet vert justert i samsvar med kommunestyrevedtak 04.05.11, der ansvar for plansaker vart overført til Utval for drift og utvikling (UDU).

#### Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at reglement for Meland formannskap vert justert i samsvar med vedtak i kommunestyret 04.05.11.»

### **Kommunestyret - 84/2016**

#### **KS - behandling:**

Saka vert trekt.

#### **KS - vedtak:**

### **Formannskapet 19.10.16:**

Reglementet er justert kva gjeld arbeids- og ansvarsområde for formannskapet – kommunalt arealplanarbeid.

### **Formannskapet - 89/2016**

#### **FS - behandling:**

#### **FS – Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at reglement for Meland formannskap vert justert i samsvar med vedtak i kommunestyret 04.05.11.»

### **Kommunestyret - 100/2016**

#### **KS - behandling:**

#### **KS - vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner at reglement for Meland formannskap vert justert i samsvar med vedtak i kommunestyret 04.05.11.»

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 033, TI - &00	16/1971

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
85/2016	Kommunestyret	PS	21.09.2016
90/2016	Formannskapet	PS	19.10.2016
101/2016	Kommunestyret	PS	09.11.2016

## Justering av reglement for Utval for drift og utvikling (UDU)

### Vedlegg:

Reglement for hovudutvala, justert september 2016

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Gjennom vedtak i kommunestyret 10.12.08 vart ansvar for plansaker flytta frå formannskapet til Utval for drift og utvikling (UDU). Ordninga vart evaluert i 2011, og det vart gjort endeleg vedtak om den nye arbeidsdelinga i kommunestyret 04.05.11. Diverre har ikkje endringa vore retta opp i dei politiske reglementa, korkje for UDU eller formannskapet.

#### Vurdering

Det er viktig at politiske reglement er korrekte. Reglementet for UDU bør difor rettast opp i samsvar med den oppgåvedelinga som kommunestyret har vedtatt. Det er mogleg at justeringa kunne vore gjort administrativt, men administrasjonen har funne det mest korrekt at kommunestyret gjer vedtak om et justert reglement. Ansvar for plansaker er difor i det justerte reglementet tatt inn under punkt 3 – Arbeids- og ansvarsområde for UDU, jf. vedlegg i saka.

Folkehelse: Ikkje relevant i saka.

Miljø: Ikkje relevant i saka

Økonomi: Ikkje relevant i saka.

#### Konklusjon

Reglementet for UDU vert justert i samsvar med kommunestyrevedtak 04.05.11, der ansvar for plansaker er overført frå formannskapet til UDU.

#### Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at reglement for hovudutvala vert justert i samsvar med vedtak i kommunestyret 04.05.11.»



### **Kommunestyret - 85/2016**

#### **KS - behandling:**

Saka vert trekt.

#### **KS - vedtak:**

### **Formannskapet 19.10.16:**

Reglementet er justert kva gjeld arbeids- og ansvarsområde for Utval for drift og utvikling (UDU), gjeld presisering av planarbeid.

### **Formannskapet - 90/2016**

#### **FS - behandling:**

#### **FS – Framlegg til vedtak:**

"Kommunestyret godkjenner at reglement for hovudutvala vert justert i samsvar med vedtak i kommunestyret 04.05.11."

### **Kommunestyret - 101/2016**

#### **KS - behandling:**

#### **KS - vedtak:**

"Kommunestyret godkjenner at reglement for hovudutvala vert justert i samsvar med vedtak i kommunestyret 04.05.11."

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Ingvild Hjelmtveit	FE - 026	16/2487

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
91/2016	Formannskapet	PS	19.10.2016
102/2016	Kommunestyret	PS	09.11.2016

## Intensjonsavtale om vidareføring av utvalde tenester frå Business Region Bergen

### Vedlegg:

Intensjonsavtale med kommunane – vidareføring av tenestene i Business Region Bergen

Notat om vidareføring av tenestene i BRB, revidert 19.09.2016.

Intensjonsavtale om vidareføring av utvalde tenester frå Business Region Bergen

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Business Region Bergen AS var eit samarbeid mellom Bergen kommune og og ein del av kommunane i Hordaland. Kommunane i Nordhordland var indiekte medlemmer via Regionrådet (NUI). Etter at Bergen kommune valde å trekkje seg ut har det vore jobba med sikte på å finne fram til ein alternativ måte å organisere ein del av dei oppgåvene BRB driv med på vegne av kommunane. Oppgåvene er viktige, men kommunane kvar for seg vert for små til at det er fornuftig å legge oppgåvene til kvar kommune.

Eigarane i Business Region Bergen og Hardangerrådet har i fellesskap utarbeidd eit framlegg for å ta i vare og styrkje nokre av tenestene frå Business Region Bergen. Dette gjeld først og fremst Etablerersenteret og «Invest in Region Bergen».

I vedlagde notat og intensjonsavtale går det fram korleis ein ser for seg organiseringa framover. Hordaland fylkeskommune tek over vidare drift av Etablerersenteret, oppfølging av strategisk næringsplan for Bergensregionen og Invest Bergen. Dei vil og ta rolla som sparringspartner for kommunane i arbeidet med å utvikle næring lokalt. Dette synes å vere ei god løysing.

Det vil bli eit spleiselag for å finansiere tenestene sjølv om Fylkeskommunen tek ansvar for å vidareføre nemnte ordningar. Prisen vert kr 7 pr innbyggjar både for medlemmskommunar og Fylkeskommunen. Dette er kr 3 lågare enn det vi i dag har betalt til BRB via NUI.

#### Vurdering

Det er viktig både for regionen og Meland kommune at dette samarbeidet held fram. Det at Hordaland fylkeskommune no tar hovudansvaret for dei to viktigaste prosjekta i eit spleiselag med kommunane gjer at vi er trygge på at tiltaka vert vidareførte på ein god måte.

Hordaland fylkeskommune vil nytte dei to prosjekta til å auke kapasitet, avlaste og styrke dei tiltaka som er operative i fylket i dag. Dette gjeld særleg det arbeidet som vert utført innan etablererrettleiing og etablererkurs.

Gjennom satsinga på Kom-an.no tilbyr fylkeskommunen i dag kompetanseheving og møteplassar for etablererrettleiarar i kommunane. Vidare løyver fylkeskommunen midlar til ulike etablererkurs i regionane, mellom anna i regi av Regionråda og næringshagane. Dette arbeidet skal fortsette dei komande åra, men fylkeskommunen ser på det som ein styrke å sjå dette i samanheng med «Etablerersenteret» si verksemd.

Etablerersenteret skal tilby kursa sine ute i regionane, i samarbeid med dei etablerte aktørane, som til dømes Regionråda og næringshagane. Ressursane i Etablerersenteret vil òg kunne vere gode samarbeidspartnarar for kommunane i problemstillingar knytt til etablering.

«Invest in Region Bergen» ivaretar det nasjonale programmet til Innovasjon Norge «Invest in Norway» for Hordaland. Prosjektet skal tiltrekke seg nasjonale og internasjonale næringsetableringar til fylket, og vil vere kommunane sitt felles mottaksapparat for investeringsinteressentar. Prosjektet er framleis under utvikling, men har allereie hausta gode skotsmål frå Innovasjon Norge sentralt.

Begge prosjekta vil ha ei eiga styringsgruppe som representerer kommunane. Denne styringsgruppa vil ha ansvaret for dei driftsrelaterte oppgåvene for prosjektet.

Den strategiske utviklinga for dei to prosjekta vil verte tema på eit eller fleire av ordførarmøta som vert halde årleg. Kommunane vil slik ha gode moglegheiter for å utvikle og evaluere resultatata for dei to oppgåvene.

### **Konklusjon**

Etter rådmann si vurdering bør Meland kommune slutte seg til den framforhandla intensjonsavtalen. Vi er avhengig av eit godt regionalt samarbeid på dette feltet. Ved å dra vekslar på den kompetansen vi har lokalt og den vi får tilgang på regionalt, står vi sterkare rusta i arbeidet med å marknedsføre kommunen og tiltrekkje oss aktuelle etablerarar.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner intensjonsavtalen om vidareføring av tenester i Business Region Bergen.

Meland kommune betaler kr 7 pr innbyggjar i 2017 for dei to prosjekta Etablerersenteret og Invest in Region Bergen. Det vert teke atterhald om at alle medlemskommunane og fylkeskommunen bidreg med same beløp pr innbyggjar.

Det vert utarbeidd ein eigen avtale som regulerer sambeidet ytterlegare frå 2017.»

## **Formannskapet - 91/2016**

### **FS - behandling:**

**FS – Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner intensjonsavtalen om vidareføring av tenester i Business Region Bergen.

Meland kommune betaler kr 7 pr innbyggjar i 2017 for dei to prosjekta Etablerarsenteret og Invest in Region Bergen. Det vert teke atterhald om at alle medlemskommunane og fylkeskommunen bidreg med same beløp pr innbyggjar.

Det vert utarbeidd ein eigen avtale som regulerer samarbeidet ytterlegare frå 2017.»

**Kommunestyret - 102/2016****KS - behandling:****KS - vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner intensjonsavtalen om vidareføring av tenester i Business Region Bergen.

Meland kommune betaler kr 7 pr innbyggjar i 2017 for dei to prosjekta Etablerarsenteret og Invest in Region Bergen. Det vert teke atterhald om at alle medlemskommunane og fylkeskommunen bidreg med same beløp pr innbyggjar.

Det vert utarbeidd ein eigen avtale som regulerer samarbeidet ytterlegare frå 2017.»

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anny Bastesen	FE - 141	16/822

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
92/2016	Formannskapet	PS	19.10.2016
103/2016	Kommunestyret	PS	09.11.2016

## Reviderte føresegner til kommuneplanen sin arealdel

### Vedlegg:

Revisjon av føresegnene til arealdelen, adm framlegg

Revisjon av føresegnene til arealdelen, endeleg framlegg

Uttale - Offentleg ettersyn - Reviderte føresegner - Meland - Kommuneplanen sin arealdel

Revisjon av føresegnene til kommuneplanen sin arealdel (KPA) - Meland kommune

Evaluering og justering av føresegnene til kommuneplanen sin arealdel

Revisjon av føresegnene til arealdelen, høringsutkast

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Framlegg til justering av føresegnene til kommuneplanen sin arealdel har vore kunngjort og sendt på høyring i tråd med formannskapet sitt vedtak i sak 36/2016, møte 20.04.2016. Høringsfristen var 20.06.2016.

Det kom inn uttale frå Fylkesmannen i Hordaland og Statens vegvesen, begge datert 16.06.2016. Begge instansane ber om at definisjonen av bueining blir tydelegare i føresegnene. Statens vegvesen ber i tillegg om at kravet deira om trafikkisikring av krysset på Holme blir meir konkretisert i § 1.5.6, og dei meiner at definisjonen på talet på einingar i område for spreidd busetnad slik det er definert i § 3.2 framleis er i strid med deira godkjenning av planen i utgangspunktet. Begge instansane reknar elles med at tal på nye bustader og naust gjeld frå vedtaket av kommuneplanen 17.06.2015, ikkje frå denne revisjonen.

Administrasjonen er elles gjort merksam på ein innbyrdes motstrid i føresegnene ved at småbåthamner og flytebyggjer har fått unntak for plankravet inntil ei viss grense i § 2.1.1a, men utan at temaet er omtala i § 1.2, som omhandlar plankrav generelt.

### Vurdering

Merknadene frå Fylkesmannen i Hordaland og Statens vegvesen er kurante og administrasjonen rår til at

- definisjonen av bueining blir tydelegare med tilvising til paragrafar
- ordlyden i § 1.5.6 blir endra i tråd med uttalen frå Statens vegvesen

- ordlyden i § 3.2 blir endra slik at nye einingar i område for spreidd busetnad gjeld einebustader utan sekundærhusvære

Administrasjonen rår elles til at § 1.2 og innleiinga i § 2.1.1a for småbåthamner / flytebyggjer blir endra slik at logikken i unntak frå plankravet for inntil 8 båtplassar blir ivareteke.

Revisjonen av føresegnene endrer ikkje på godkjenningsdatoen 17.06.2015 m.o.t. utbyggingstakt eller andre høve som ikkje er omtala i saka.

Folkehelse: Ikkje relevant i denne saka

Miljø: Ikkje relevant i denne saka

Økonomi: Ikkje relevant i denne saka

### **Konklusjon**

Administrasjonen rår til at føresegnene blir revidert i tråd med høyringsutkastet datert 06.04.2016, med justeringar i §§ 1.2, 1.5.6, 2.1.1.a og 3.2 og i definisjonen av bueiningar som nemnt over. Dei siste justeringane er merka med gul tekst i vedlegg datert 07.10.2016. Dei øvrige justeringane som er omtala i sak 36/2016 har det ikkje kome kommentarar på og er ikkje markert her.

Endeleg framlegg til reviderte føresegner er utan markeringar og datert 19.10.2016, møtedato i formannskapet.

Administrasjonen vurderer endringane som mindre. I gjeldande delegasjonsreglement har formannskapet fått fullmakt til å gjere mindre endringar i kommuneplanens arealdel, som føresegnene er ein del av. Det ikkje er kome vesentlege merknader til endringane, og dei rører ikkje ved prinsipielle sider av planen.

### **Framlegg til vedtak:**

«Formannskapet godkjenner reviderte føresegner til kommuneplanen sin arealdel, med revisjonsdato 19.10.2016. Endringane gjeld ordlyden i §§ 1.2, 1.5.6, 1.6.3, 1.6.16, 2.1.1, 3.2, 4.1.2 og eitt bnr i tabell 8. Definisjonen av eining er teke inn i §§ 1.6.9, 1.6.12, 1.6.13 og 2.1.1a.»

### **Formannskapet - 92/2016**

#### **FS - behandling:**

Formannskapet ønskjer at saka skal til behandling i kommunestyret.

#### **FS – Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner reviderte føresegner til kommuneplanen sin arealdel, med revisjonsdato 19.10.2016. Endringane gjeld ordlyden i §§ 1.2, 1.5.6, 1.6.3, 1.6.16, 2.1.1, 3.2, 4.1.2 og eitt bnr i tabell 8. Definisjonen av eining er teke inn i §§ 1.6.9, 1.6.12, 1.6.13 og 2.1.1a.»

## Kommunestyret - 103/2016

### **KS - behandling:**

**Endringsframlegg frå Nils Marton Aadland, H:**

"Pkt. 3.2. går ut."

### **Avrøysting:**

**Formannskapet sitt framlegg til vedtak med endringsframlegg frå Nils Marton Aadland vart samrøystes vedteke.**

### **KS - vedtak:**

«Kommunestyret godkjenner reviderte føresegner til kommuneplanen sin arealdel, med revisjonsdato 19.10.2016. Endringane gjeld ordlyden i §§ 1.2, 1.5.6, 1.6.3, 1.6.16, 2.1.1, 4.1.2 og eitt bnr i tabell 8. Definisjonen av eining er teke inn i §§ 1.6.9, 1.6.12, 1.6.13 og 2.1.1a.»

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Nåmdal	FE - 122	16/1217

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
104/2016	Kommunestyret	PS	09.11.2016

## Planstrategi for Meland kommune 2016-2020

### Vedlegg:

Planstrategi for Meland kommune 2016-2020

5.mai\_Faktagrunnlag planstrategi

Uttale - Meland - Kommunal planstrategi 2016 - 2020

Høyringsuttale kommunal planstrategi Meland kommune 2016 - 2020

planstrategi for Meland kommune 2016-2020- revidert

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Framlegg til kommunal planstrategi for Meland har vore på avgrensa høyring til regionale instansar og nabokommunar. Plandokumentet har vore annonsert på kommunen sine heimesider med høyringsfrist 27 oktober.

Det er ikkje kome inn merknader frå privatpersonar.

Det er kome inn uttale frå Lindås kommune og Fylkesmannen i Hordaland.

#### Fylkesmannen i Hordaland (datert 14.10.16)

Fylkesmannen har ein del generelle kommentarar til utforminga av planstrategiar og viser til nasjonale forventningar til kommunal planlegging.

I Meland kommune sin planstrategi saknar Fylkesmannen strandsoneforvaltning som tema.

I merknaden skriv Fylkesmannen at han rår kommunen til å drøfta i planstrategien «*kva strategiar vil kommunen nytta for å forvalta attverande strandsoner, og for å unngå ei vidare massiv nedbygging av strandsona gjennom private detaljplaner*».

Når det gjeld massehandtering meiner Fylkesmannen at dette bør vere ein del av planstrategien, særleg sett i lys av utbygging på Flatøy, der vegutbygging vil gje store overskot av massar.

Om temaet samfunnstryggleik og beredskap, skriv Fylkesmannen at dette må vere omtala i planstrategien.



### **Administrasjon si vurdering:**

Arbeidet med planstrategien er som alt planarbeid i Meland kommune sett i lys av nasjonale forventningar til kommunal planlegging.

Kommunal planstrategi er kommunane sitt styringsverktøy i høve til kva planer som skal prioriterast i perioden. Regionale og statlege instansar er høyringspart, men har ikkje motsegnrett. Alle tema som Fylkesmannen tek opp er grundig behandla i kommuneplanen, både samfunns og arealdel.

Strandsoneforvaltning : Meland kommune vedtok kommuneplanen sin arealdel våren 2015. Strandsoneforvaltninga er der eit sentralt tema. Meland kommune stiller seg difor undrande til Fylkesmannen si avslutning på avsnittet om strandsoneforvaltning, der dei skriv at dei saknar «*kva strategiar vil kommunen nytta for å forvalta attverande strandsone, og for å unngå ei vidare massiv nedbygging av strandsona gjennom private detaljplaner*». Massiv nedbygging av strandsona verken eller har vore, tradisjon i Meland.

Folkehelse : Folkehelse er eit tema som Meland kommune arbeider med i alt planarbeid. Vi har mellomanna som ein av dei første kommunane i landet utarbeida ei folkehelsemelding. Denne var ein viktig del i arbeidet med strategidokumentet, «*Utviklingstrekk og utfordringar for Melandsamfunnet*» som er eit grunnlag for arbeidet med planstrategien.

Massehandtering: Meland kommune har drive eit pilotprosjekt der ein har utvikla ein ny rettleiar «*Jordmassar frå problem til ressurs*» for massehandtering. Fylkesmannen har vore ein del av dette arbeidet. Handtering av overskotmasser inngår i alt arealplanarbeid.

Samfunnstryggleik og beredskap: Meland kommune vedtok overordna ROS -analyse i 2014. Denne vert teke med i lista over gjeldande planer.

### **Lindås kommune (datert 20.10.16)**

Lindås kommune peiker på at planstrategien er bygd opp systematisk og strukturert, og tek i seg dei utfordringar kommunen har i den neste kommunestyreperiode. Lindås kommune rår til at Meland bør vurdere ambisjonsnivået med omsyn til tal på planar som er prioritert. Dette og sett i lys av at kommunen og skal førebu arbeidet med ny kommune.

Nokre av planane og strategiane som kommunen prioriterer er det naturleg å ha ein tett dialog med Lindås om, då særleg, utviklinga på Flatøy, næringsstrategi og sykkelstrategi. Lindås kan og bidra i høve til kunnskap om strategi for velferdsteknologi.

Til sist viser Lindås kommune til kapittel 4.10 om «å byggje ein ny kommune». Lindås peiker på at prioritering av nye planbehov i den nye kommunen, ikkje bør vere ein del av Meland sin planstrategi. Dette er eit arbeid som fellesnemda bør lage eigne prosessar på.

### **Administrasjonen si vurdering**

Når det gjeld ambisjonsnivået med omsyn til tal på planar som er prioritert, har Meland eit oversiktleg og handterbart plansystem, med enkle og kortfatta dokument. Ein del av temaplanane som skal avsluttast i 2017, er i siste fase i arbeidet.

På tema næringsstrategi og sykkelstrategi ynskjer kommunen eit samarbeid med nabokommunane. Desse strategiane er og ein del av det nasjonale Byregionprogrammet, der både Lindås og Meland tek del. Satsingsområde i Byregionprogrammet, er sykkel, næring og attraktive bumiljø. I høve til utviklinga på Flatøy er Meland og Lindås sine planavdelingar i tett dialog i prosessen.

Kapittel 4.10 «å byggje ein ny kommune»; her peiker Lindås kommune på at prioritering av planbehov i den nye kommunen ikkje bør vere ein del av Meland kommune sin planstrategi. Meland kommune har ikkje nokon intensjon om å prioritere planoppgåver i den nye kommunen. Det er sjølvstøtt den nye kommunen som skal bestemme kva planer som skal utarbeidast. Meland kommune har heller ikkje sett opp nokre av desse planane i si oversikt over planar som kommunen sjølv skal arbeide med i perioden.

Kapitlet «å byggje ein ny kommune» er teke med i planstrategien som informasjon, for å synleggjere at det også ligg planoppgåver til den nye storkommunen. Desse er løfta fram i intensjonsavtalen mellom kommunane. Teksten i dette kapitlet er redigert litt i det reviderte planstrategidokumentet, for å unngå mistydingar.

#### **Framlegg til vedtak:**

«Meland kommunestyre vedtek planstrategi for Meland kommune 2016-2020, datert .....»

#### **Kommunestyret - 104/2016**

#### **KS - behandling:**

#### **Tilleggsframlegg frå Marit Jøssang, KrF:**

"Rusmiddelplan og handlingsplan mot vald i nære relasjonar inkluderast i temaplan helse og omsorg."

#### **Tilleggsframlegg frå Tom Inge Karlsen, AP:**

Under pkt 5 - Overordna planar, Kommuneplan arealdelen

"Rullere på ulike tema, Bolig og næringsareal"

#### **Avrøysting:**

**Tilleggsframlegget frå Tom Inge Karlsen fekk 16 røyster for, (7 AP, 3 SP, 3 KrF, 2 MDG, 1 BF), 11 røyster mot, (5 H, 4 FrP, 2 V), og er såleis vedteke.**

**Tilleggsframlegget frå Marit Jøssang vart samrøystes vedteke.**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tillegg vart samrøystes vedteke.**

#### **KS - vedtak:**

«Meland kommunestyre vedtek planstrategi for Meland kommune 2016-2020, datert 09.11.2016 med ovannemnde tillegg.»

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Ingvild Hjelmtveit	FE - 000, TI - &13	16/2592

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
105/2016	Kommunestyret	PS	09.11.2016

## Høyring - ny kommunelov

### Vedlegg:

Høyring - Kommunelovutvalgets utredning 2016: 4 - Ny kommunelov  
NOU 2016 4 Ny kommunelov  
kommuneloven-debattgrunnlag-juni2016

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunelovutvalet leverte like før påske 2016 utgreiinga si NOU 2016: 4 Ny kommunelov. Utvalet har gjennomført ein heilskapleg gjennomgang av kommunelova for å styrka det kommunale sjølvstyret. Kommunalt- og moderniseringsdepartementet sende i byrjinga av april utvalet si utgreiing på høyring med høyringsfrist 06.10.16. Rådmann veit at saka kjem opp til politisk handsaming etter at høyringsfristen er gått ut, men meiner vi likevel kan sende inn ein uttale. Så vert det opp til departementet om dei tek omsyn til uttalen.

Utvalet si utgreiing er omfattande – over 480 sider. Mange ulike tema er analyserte og drøfta i utgreiinga. I ei høyringsfråsegn kan ein ikkje gå detaljert inn på alle dei tema utgreiinga tek opp. KS har utarbeidd eit fagleg debattgrunnlag for høyringsarbeidet i den enkelte kommune. Rådmannen vurderer dette debatteftet som så godt, grundig og relevant at dette kan nyttast som saksopplysningar og vurdering i saka.

Kommunelovutvalet føreslår at grunnstamma i dagens kommunelov vert vidareført, men at det på fleire område er behov for endringar og justeringar.

Utvalet meiner vidare at forslag til endringar i lova samla sett fører til ei styrking av det kommunale sjølvstyret, forsterka eigenkontroll hjå kommunane inkludert styring og kontroll med verksemder som utfører oppgåver for kommunen. Utvalet sine grunnleggjande vurderingar og omsyn er:

1. Styrka kommunalt sjølvstyre
2. Styrka folkevalt styring i kommunane
3. Effektive, tillitsskapande og bærekraftige kommunar
4. Ei økonomiforvaltning som byggjer opp under sjølvstyret og den lokale handlefridomen
5. God eigenkontroll og meir samordna statleg kontroll og tilsyn
6. Kommunelova skal bli enklare og meir tilgjengeleg for brukarane

Rådmannen har valt å konsentrera seg om dei aspekta ved lovforslaget som vert vurdert som dei viktigaste. Dette inneber at ein i denne saka vil konsentrera seg om følgjande tema:

- Formålet til lova
- Forhold som påverkar organiseringa og arbeidsmåtane til dei folkevalte organa
- Det kommunale sjølvstyret
- Forholdet mellom fag og politikk – folkevalte organ og administrasjonen
- Intern styring – internkontroll og eigenkontroll
- Økonomi

Utvalet sine forslag til endringar femnar vidt, frå prinsipielle vurderingar av samhandlinga mellom stat og kommune, til rimeleg detaljerte og fagleg forslag for å handtera konkrete praktiske løysingar.

Ei grunnleggjande innretning av arbeidet til kommunelovutvalet er gjennom lov å slå fast at det skal vera eit balansert forhold mellom kommunane på den eine sida og dei statlege styresmaktene på den andre sida. Det kommunale sjølvstyret skal takast vare på. Samhandlinga mellom stat og kommune skal vera forankra i lov, med Stortinget som lovgivande styresmakt. For sikra ei mest mogeleg balansert samhandling, foreslår kommunelovutvalet at ei rekkje prinsipp for samhandlinga vert tekne inn i formuleringane til lova. Ein del av endringane som blir foreslått på somme område, dreier seg i stor grad om å lovfesta det som er blitt ei allmenn norm - f. eks. på økonomiområdet. Siktemålet med slik lovfesting er ikkje berre å lovfesta dagens praksis, men å få kommunane til å gjera ei kritisk vurdering av gjeldande system og regelverk. Det er viktig å etablera prosessar kor ein vurderer om dei ulike systema og løysingane er føremålstenlege og om dei leiar til ønskte resultat. Ved å setja ulike tema knytt til så vel *styring av* kommunen og *styring i* kommunen på dagsorden i kommunestyret, vil ein potensielt kunne hjelpa til å styrkja folkevalte sin innverknad på kommunen si verksemd. Svært mykje av dagens paragrafar i lova blir vidareført i forslaget til ny kommunelov. På somme område er det foreslått nye formuleringar for å forenkla og tydeleggjera dei einskilde paragrafane, mens det på andre område blir nye paragrafar eller reelle endringar foreslått i dagens paragrafar. Ein har valt å leggja vekt på det som vert vurdert til å ha omfattande implikasjonar for den folkevalte styringa av kommunen. I høyringsfråseigna vil ein heller ikkje gå detaljert inn på dei konkrete forslaga til formuleringar til ny lovtekst som utvalet har. Ein legg til grunn at eit endeleg utkast til ny kommunelov - på eit seinare tidspunkt, vil bli sendt på høyring frå kommunaldepartementet.

I utarbeiding av ei høyringsfråsegn kan fleire omsyn varetakast. Eit viktig omsyn er å få kommunisert semja, eventuelt usemja si, i dei forslaga som blir lagde fram. Eit anna viktig omsyn kan vera å leggja til rette for ein brei diskusjon i folkevalte organ vedr viktige tema som elles sjeldan vert sett på dagsorden i heradsstyret. Utgreiinga til lovutvalet er omfattande. Dette inneber avgrensing og prioritering av kva ei høyringsfråsegn skal innehalda. Rådmannen forstår utgreiing av ny kommunelov som så viktig for kommunen sine folkevalte organ, at ein i saksutgreiinga har valt eit breitt fokus på det ein vurderer som viktige prinsipp i samhandlinga mellom stat og kommune. Samtidig har eit forsøk å lyfta fram tema som vert vurdert å vera interessante i ein politisk samanheng vedr samhandling mellom fag og politikk.

## Vurdering

For ei grundig gjennomgang og vurdering sjå KS sitt debattgrunnlag som ligg ved saka. Rådmannen vil elles utdjupa berre nokre av temaa i høyringsuttalen:

## **Punkt 2 b)**

Samhandlinga mellom stat og kommune er forankra i ulike prinsipp. Utvalet foreslår at tre sentrale prinsipp for denne samhandlinga eksplisitt blir teken inn i ny kommunelov. Det dreiar seg om

- Nærleiksprinsippet
- Forholdsmessighetsprinsippet
- Finansieringsprinsippet

Nærleiksprinsippet inneber at ansvaret for oppgåveløysinga blir så lagt nær innbyggjarane som mogeleg. Dette blir oftast forklart som lågast mogeleg effektive nivå. I utgangspunktet er dette prinsippet lagt til grunn for oppgåvefordelinga mellom stat og kommune, og står sentralt i det europeiske charteret for lokalt sjølvstyre. Nærleiksprinsippet er eit viktig prinsipp for forholdet mellom nasjonale styresmakter og kommunane. Demokrati og medverknad er ein av verdiane som underbyggjer det kommunale sjølvstyret. Ein viktig føresetnad for lokaldemokrati og medverknad er nærleik mellom innbyggjarane og dei som tek avgjerdene.

Forholdsmessighetsprinsippet inneber at nasjonale styresmakter ikkje bør gripa inn overfor kommunesektoren i større grad enn nødvendig for å vareta aktuelle nasjonale målsetjingar. Finansieringsprinsippet - Kommunens økonomiske handlingsrom er avgjerande for at det kommunale sjølvstyret kan fungera. Det må på den eine sida vera eit samsvar mellom kommunen sine inntekter og oppgåver. Oppgåver som skal løysast på vegner av staten bør vera fullfinansiert. På den andre sida må kommunane i prinsippet kunne disponera inntektene sine baserte på eigne lokalpolitiske prioriteringar. Det tredje grunnleggjande elementet er at finansieringa av kommunesektoren må skje innanfor ramma av staten sin nasjonaløkonomiske politikk og handlingsrommet i statsfinansane. Forslaget til utvalet om å lovfesta ovannemnde prinsipp er ikkje meinte å gripa inn i Stortingets bevilgningsmyndighet. Stortinget som nasjonen sitt øvste organ skal framleis ha ei avgjerande makt ved å setja rammer for prioriteringar også i kommunesektoren.

Utvalet legg til grunn at samhandlinga mellom stat og kommune i tillegg framleis skal forankrast i rammestyringsprinsippet. I motsetning til øyremerka statlege tilskot til kommunen si oppgåveløysing, inneber rammestyling at kommunane i større grad kan gjennomføra lokale prioriteringar i eiga oppgåveløysing. Det er i utgangspunktet brei semje om at rammestyringsprinsippet blir lagt grunn for staten si styring av kommunesektoren.

Rådmannen sluttar seg til at dei tre prinsippa som er omtalte ovanfor, blir inn teke inn ilova for å regulera forholdet mellom stat og kommune.

## **Punkt 2 e) og 2 f):**

Folkevalte organ og kommunen sin administrasjon har oppgåver som gjensidig utfyller kvarandre. Kommunestyret er det øvste organet til kommunen, og fattar i utgangspunktet alle avgjerder på dei oppgåveområda der kommunen er gitt rådvelde. I dagens kommunar fattast ei stor mengd vedtak dagleg. For å kunne handtera oppgåvemengda, må fullmakt delegerast. I alle kommunar skjer det ein omfattande delegasjon av maktutøving til administrasjonen på saksområde som ikkje vert sett på som å vera av prinsipiell tyding. Dette er i hovudsak knytt til oppgåveløysing kor maktutøvinga er avgrensa av lov og forskrift. Ein velfungerande kommune føreset at det er eit godt samspel mellom dei folkevalte organa og administrasjonen. Utvalet peikar i denne samanhengen på: «Utvalet meiner at ei sterk og tydeleg folkevalt styring av kommunen er viktig både for lokaldemokratiet og for legitimiteten til kommunen. Ein sterk og god administrasjon vil kunne hjelpa til å lyfta det folkevalte nivået i kommunen. Dei folkevalte og administrasjonen har ulike roller og oppgåver og er gjensidig avhengig av kvarandre for at kommunen skal kunne drivast på ein demokratisk og fagleg god måte. Eit godt samspel mellom folkevalte og administrasjon er såleis av stor verdi.»

For å underbyggja dette samspelet foreslår utvalet i denne samanhengen å tydeleggjera roller, ansvar og oppgåver i lova, både for dei folkevalte og for administrasjonen ved kommunedirektøren. Utvalet meiner dette vil kunne føra til ei styrking både av dei folkevalte organa og administrasjonen. Utvalet foreslår i hovudsak å vidareføra dagens lovgiving knytte til folkevalte organ og administrasjonen. Sentrale tema vedr folkevalte organ er:

- Kommunestyret skal ha stor fridom til sjølv å organisera kommunen sitt arbeid. I dette ligg også stor fridom til å etablera dei folkevalte organa kommunen treng.
  - Alle folkevalte organ skal vera omfatta av eit regelverk. Berre organ som er omtalte i lov skal kunne opprettast.
  - Det bør ikkje vera høve til å fastsetja andre saksbehandlingsreglar for eit folkevalt organ enn det som følgjer av lova.
  - Dagens særreglar for kontrollutvalet skal framleis gjelda.
  - Det vert gjort framlegg om å lovfesta at kommunestyret kan delegera rådveldet sitt til å treffa vedtak til andre rettssubjekt berre dersom det gjeld saker som ikkje har prinsipiell tyding.
  - Utvalet meiner vidare at det ikkje er riktig å innskrenka retten til kommunestyret til å delegera rådveldet sitt til andre (dvs. internt i kommunen).
  - Det er viktig at det er tydelig frå kommunestyret si sida kva fullmakter andre folkevalte organ skal ha.
  - Utvalet foreslår ein eigen regel som seier at det for folkevalte organ skal vera eit reglement som fastset organet sitt verkeområde og eventuell avgjerdsrett, kva slags tidsperiode organet er oppretta for, og andre sentrale føresegner om organet sitt arbeid.
  - Det blir presisert at også personar som kommunestyret eller andre kommunale folkevalte organ har valt inn i folkevalte organ, er å forstå som folkevalte i kommunelova sin forstand.
- Sentrale tema vedr administrasjonen er:
- Namnet administrasjonssjef blir skifta ut med kommunedirektør
  - Det blir foreslått å lovfesta kommunedirektøren sitt ansvar for ei saksutgreiing sitt faktiske og rettslege grunnlag, som grunnlag for dei vedtaka folkevalte organ fattar.
  - Presisering av at dersom kommunedirektøren blir gjort merksam på faktiske eller rettslege spørsmål som har sentral tyding for gjennomføring av vedtaket, skal han/ho gjera det folkevalte organet oppmerksam på dette på eigna måte.
  - Det vert gjort ei omfattande presisering av føresegner vedr intern kontroll.
  - Det blir foreslått at det blir lovfesta at kommunedirektøren har det løpande personalansvaret inkludert tilsetjing, oppseiing, avskjed og tenestleg reaksjon dersom ikkje anna er fastsette i lov.
  - Sentralt i samspelet mellom folkevalte organ og administrasjonen, er at dei folkevalte organa er medvitne og tydelege på kva for ei fullmakt dei delegerer administrasjonen ved kommunedirektøren.
  - Utvalet sitt utgangspunkt er at ei tydeleg lovregulering av roller, ansvar og oppgåver vil kunne føra til å styrkja samspelet og dermed både dei folkevalte og administrasjonen.
  - Dei folkevalte og administrasjonen har prinsipielt svært ulike roller. Utvalet meiner derfor at organ anten skal vera folkevalte eller administrative.
  - Dei administrative organa vert sett saman av kommunedirektøren

Dei fleste av dei strekpunkta som er refererte ovanfor, er uttrykk for dagens praksis sjølv om den dagen ikkje er lovheimla.

Ei viktig endring er at utvalet foreslår at det vert lovfesta at kommunedirektøren har det løpande personalansvaret inkludert tilsetjing, oppseiing, avskjed og tenestleg reaksjon dersom ikkje anna er fastsette i lov. For å illustrera intensjonen til utvalet om auka klarleik i roller og funksjonar, er det viktig å samanlikna dette framlegget med dagens lovgiving – § til kommunelova 24 nr. 1 - der det framgår at «fullmakt til å oppretta og nedlegga stillingar og treffa vedtak i personalsaker» i

utgangspuutgangspunktet er lagde til kommunestyret med moglegheit for delegasjon til administrasjonssjefen.

### **Framlegg til vedtak:**

«Meland kommune vil på generell basis gi ros for at det er sett i gong eit arbeid med å utarbeida ei ny kommunelov. Eit arbeid av det omfang som NOU 2016: 4 representerer, kan føra til mange viktige diskusjonar knytt til det kommunale sjølvstyret og styring, oppfølging og utvikling av kommunen som organisasjon.

Arbeidet til lovutvalet er omfattande og inneheld mange endringar/presiseringar. Meland kommune vil spesielt peika på følgjande i høyringsfråsegna si:

- a) Meland kommune ser det som positivt at kommunelova i sin formålsparagraf eksplisitt tek inn ei stadfesting av det kommunale sjølvstyret. Formålsparagrafen verkar dekkande for innhaldet i lova.
- b) Meland kommune sluttar seg til at prinsippa om «forholdsmessighet», som inneber at nasjonale styresmakter ikkje bør gripa inn overfor kommunesektoren i større grad enn nødvendig, nærleiksprinsippet - at offentlege oppgåver bør desentraliserast, samt finansieringsprinsippet - oppgåver som skal løysast på vegner av staten bør vera fullfinansiert, blir inn teke i lova for å regulera forholdet mellom stat og kommune
- c) Meland kommune sluttar seg til den prinsipielle vurderinga til lovutvalet av at det er det representative demokratiet som skal utgjera kjernen i ny kommunelov. Samtidig støttar ein forslaget om endringar i tal underskrifter for å fremja innbyggjarforslag, og at det ikkje vert innført ein rett for eit visst tal innbyggjarar til å krevje rådgjevande folkeavstemming om ei sak.
- d) Meland kommune sluttar seg til forslaget til utvalet om at kommunen si generelle informasjonsplikt også skal omfatta verksemd som skjer i andre rettssubjekt enn kommunen, når slike rettssubjekt utfører oppgåver for kommunen.
- e) Meland kommune sluttar seg til dei generelle prinsippa for etablering og organisering av arbeidet i folkevalte organ som utvalet føreslår utgreiinga, men vil presisera at dersom ein lovfestar at berre organ som er omtalte i lov skal kunne opprettast vil dette vera eit brot på prinsippet om at kommunestyret sjølv kan organisera eiga verksemd ut frå eigne føresetnader. Det bør vurderast nærare om kommunestyret bør ha tilgjenge til å oppretta andre folkevalte organ enn dei som er omtala i lov.
- f) Meland kommune sluttar seg til dei generelle prinsippa for samhandlinga mellom folkevalte organ og administrasjonen som utvalet føreslår i utgreiinga
- g) Meland kommune sluttar seg til tilrådingane til utvalet vedr lovfesting av forhold knytte til oppnemning av styrerepresentantar i kommunale føretak.
- h) Meland kommune vil tilrå at utvalet sitt forslag og vurderingar om lovfesting av innsynet til folkevalt i administrasjonen sine dokument blir lagde til grunn i det vidare lovarbeidet.
- i) Meland kommune deler utvalet si vurdering av at det kan representera eit demokratiproblem når ein stor del av oppgåveløysinga til kommunen skjer i regi av organ som ikkje er direkte underlagt kommunestyret.
- j) Meland kommune sluttar seg til tilrådingane til lovutvalet og nye føresegner om styrking av ansvaret til kommunestyret for å etablere sentrale premisser for kommunen si økonomiforvaltning.
- k) Meland kommune sluttar seg til lovutvalet sine forslag til endringar i føresegner om årsmelding

- l) Meland kommune er positiv til den foreslåtte endring i lova som fører til ei tydelegare kopling mellom kommuneplanen og økonomiplanen.
- m) Meland kommune sluttar seg til lovutvalet sine vurderingar kva gjeld lovfesting av internkontroll og dei ulike omsyna som skal varetakast gjennom eit godt internkontrollarbeid.
- n) Meland kommune sluttar seg til utvalet si prinsipielle oppfatning av at dess betre kommunen sin eigen kontroll er, dess mindre behov er det for statleg tilsyn og kontroll og rapportering. For å redusera unødvendig rapportering – som krev ressursar kommunen betre kan bruka på andre område – er det viktig at rapportering til statlege styresmakter blir redusert som følgje av auka eigenkontroll i kommunane.
- o) Meland kommune vil tilrå at departementet i det vidare lovarbeid klargjer nærmare korleis kontrollutvalet sitt sekretariat kan ha ein uavhengig posisjon samtidig som sekretariatet framleis er ein del av kommunen sin organisasjon.
- p) Meland kommune sluttar seg til utvalet sitt forslag om at det skal utarbeidast ei eigarskapsmelding til kommunestyret minst ein gong i valperioden
- q) Meland kommune vil tilrå at det blir teke inn føresegner i kommunelova som sikrar likehandsaming mellom kommunen si eiga verksemd og anna ekstern verksemd på oppgåveområde der kommunen får ein tilsynsfunksjon
- r) Meland kommune sluttar seg til tilrådinga til lovutvalet om at det ikkje er behov for å endra hovudinnhaldet i dagens føresegner som gjeld lovlegkontroll»

### **Kommunestyret - 105/2016**

#### **KS - behandling:**

#### **Tilleggsframlegg frå Stian Lavik , KrF:**

“Meland kommune er negativ til fleirtalet i lovutvalet si tilråding om at kravet til kjønnsbalanse ved forholdsval skal knyttast til organet som heilskap, og ikkje kvar einskild liste, som i dag. Den foreslåtte endringa vil gje ein inngripen i lokaldemokratiet. Meland kommune ynskjer å vidareføre gjeldande ordning, slik at omsynet til demokrati ved slike val må gå føre omsynet til kjønnsbalanse.”

#### **Endringsframlegg frå Stian Lavik, KrF:**

“Meland kommune meiner at gjeldande reglar for kven som kan vera medlem i styret for eit kommunalt føretak kan vidareførast. Det ikkje er trong for å innskrenka reglane for utover det aksjelova krev. Framlegget frå lovutvalet vil i praksis gje kommunen mindre handlingsrom enn eit aksjeselskap.”

#### **Endringsframlegg frå AP:**

Pkt c) 2. setning:

"...Samtidig støttar ein *ikkje* forslaget om endringar i tal underskrifter for å fremja



innbyggjarforslag..."

**Tilleggsframlegg frå AP:**

"Meland kommune meiner at rådmann er eit betre namn enn kommunedirektør på administrasjonssjef, og bør haldast på."

**Framlegg til endring av praksis ved lukkede møter i kommunestyremøter frå Morten Klementsens, BF:**

"Nåværende regler om lukking av politiske møter må fortsette som før."

**Framlegg til endring frå Per Kristian Holmetun, SP:**

"Pkt. Q vert teke ut."

**Avrøysting:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med unntak av pkt. C), G) og Q). vart samrøystes vedteke.

Endringsframlegget frå AP, pkt C) fekk 22 røyster for, (AP, FrP, SP, KrF, V, MDG, BF), 5 røyster mot (H), og er såleis vedteke.

Endringsframlegg frå Stian Lavik, KrF, pkt G, fekk 17 røyster for, (3 KrF, 7 AP, 4 FrP, 3 SP), 10 røyster mot, (5 H, 2 V, 2 MDG, 1 BF), og er såleis vedteke.

Endringsframlegget frå Per Kristian Holmetun fekk 8 røyster for, (3 SP, 5 AP), 19 røyster mot, (5 H, 4 FrP, 2 AP, 3 KrF, 2 V, 2 MDG, 1 BF), og fall.

Tilleggsframlegget frå Stian Lavik, KrF vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Morten Klemenstsen fekk 19 røyster for, (1 BF, 7 AP, 4 FrP, 3 SP, 2 V, 2 MDG), 8 røyster mot, (5 H, 3 KrF), og er såleis vedteke.

Tilleggsframlegget frå AP fekk 11 røyster for, (7 AP, 3 SP, 1 MDG), 16 røyster mot, (5 H, 4 FrP, 3 KrF, 2 V, 1 MDG, 1 BF), og fall.

**KS - vedtak:**

«Meland kommune vil på generell basis gi ros for at det er sett i gong eit arbeid med å utarbeida ei ny kommunelov. Eit arbeid av det omfang som NOU 2016: 4 representerer, kan føra til mange viktige diskusjonar knytt til det kommunale sjølvstyret og styring, oppfølging og utvikling av kommunen som organisasjon.

Arbeidet til lovutvalet er omfattande og inneheld mange endringar/presiseringar. Meland kommune vil spesielt peika på følgjande i høyringsfråsegna si:

a) Meland kommune ser det som positivt at kommunelova i sin formålsparagraf eksplisitt tek inn ei stadfesting av det kommunale sjølvstyret. Formålsparagrafen verkar dekkande for innhaldet i lova.

b) Meland kommune sluttar seg til at prinsippa om «forholdsmessighet», som inneber at nasjonale styresmakter ikkje bør gripa inn overfor kommunesektoren i større grad enn nødvendig, nærleiksprinsippet - at offentlege oppgåver bør desentraliserast, samt finansieringsprinsippet - oppgåver som skal løysast på vegner av staten bør vera fullfinansiert, blir inn teke i lova for å regulera forholdet mellom stat og kommune

c) Meland kommune sluttar seg til den prinsipielle vurderinga til lovutvalet av at det er det representative demokratiet som skal utgjera kjernen i ny kommunelov. Samtidig støttar ein ikkje

forslaget om endringar i tal underskrifter for å fremja innbyggjarforslag, og at det ikkje vert innført ein rett for eit visst tal innbyggjarar til å krevje rådgjevande folkeavstemming om ei sak.

d) Meland kommune sluttar seg til forslaget til utvalet om at kommunen si generelle informasjonsplikt også skal omfatta verksemd som skjer i andre rettssubjekt enn kommunen, når slike rettssubjekt utfører oppgåver for kommunen.

e) Meland kommune sluttar seg til dei generelle prinsippa for etablering og organisering av arbeidet i folkevalte organ som utvalet føreslår utgreiinga, men vil presisera at dersom ein lovfestar at berre organ som er omtalte i lov skal kunne opprettast vil dette vera eit brot på prinsippet om at kommunestyret sjølv kan organisera eiga verksemd ut frå eigne føresetnader. Det bør vurderast nærare om kommunestyret bør ha tilgjenge til å oppretta andre folkevalte organ enn dei som er omtala i lov.

f) Meland kommune sluttar seg til dei generelle prinsippa for samhandlinga mellom folkevalte organ og administrasjonen som utvalet føreslår i utgreiinga

g) Meland kommune meiner at gjeldande reglar for kven som kan vera medlem i styret for eit kommunalt føretak kan vidareførast. Det ikkje er trong for å innskrenka reglane for utover det aksjelova krev. Framlegget frå lovutvalet vil i praksis gje kommunen mindre handlingsrom enn eit aksjeselskap.”

h) Meland kommune vil tilrå at utvalet sitt forslag og vurderingar om lovfesting av innsynet til folkevalt i administrasjonen sine dokument blir lagde til grunn i det vidare lovarbeidet.

i) Meland kommune deler utvalet si vurdering av at det kan representera eit demokratiproblem når ein stor del av oppgåveløysinga til kommunen skjer i regi av organ som ikkje er direkte underlagt kommunestyret.

j) Meland kommune sluttar seg til tilrådingane til lovutvalet og nye føresegner om styrking av ansvaret til kommunestyret for å etablere sentrale premissar for kommunen si økonomiforvaltning.

k) Meland kommune sluttar seg til lovutvalet sine forslag til endringar i føresegner om årsmelding

l) Meland kommune er positiv til den foreslåtte endring i lova som fører til ei tydelegare kopling mellom kommuneplanen og økonomiplanen.

m) Meland kommune sluttar seg til lovutvalet sine vurderingar kva gjeld lovfesting av internkontroll og dei ulike omsyna som skal varetakast gjennom eit godt internkontrollarbeid.

n) Meland kommune sluttar seg til utvalet si prinsipielle oppfatning av at dess betre kommunen sin eigen kontroll er, dess mindre behov er det for statleg tilsyn og kontroll og rapportering. For å redusera unødvendig rapportering – som krev ressursar kommunen betre kan bruka på andre område – er det viktig at rapportering til statlege styresmakter blir redusert som følge av auka eigenkontroll i kommunane.

o) Meland kommune vil tilrå at departementet i det vidare lovarbeid klargjer nærmare korleis kontrollutvalet sitt sekretariat kan ha ein uavhengig posisjon samtidig som sekretariatet framleis er ein del av kommunen sin organisasjon.

p) Meland kommune sluttar seg til utvalet sitt forslag om at det skal utarbeidast ei eigarskapsmelding til kommunestyret minst ein gong i valperioden

q) Meland kommune vil tilrå at det blir teke inn føresegner i kommunelova som sikrar likehandsaming mellom kommunen si eiga verksemd og anna ekstern verksemd på oppgåveområde der kommunen får ein tilsynsfunksjon

r) Meland kommune sluttar seg til tilrådinga til lovutvalet om at det ikkje er behov for å endra hovudinnhaldet i dagens føresegner som gjeld lovlegkontroll

- s) Meland kommune er negativ til fleirtalet i lovutvalet si tilråding om at kravet til kjønnsbalanse ved forholdsval skal knyttast til organet som heilskap, og ikkje kvar einskild liste, som i dag. Den foreslåtte endringa vil gje ein inngripen i lokaldemokratiet. Meland kommune ynskjer å vidareføre gjeldande ordning, slik at omsynet til demokrati ved slike val må gå føre omsynet til kjønnsbalanse.
- t) Nåværende regler om lukking av politiske møter må fortsette som før"

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anny Bastesen	FA - Q19, TI - &13	16/2623

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
106/2016	Kommunestyret	PS	09.11.2016

## Uttale, framlegg om mellombels auka bompengesatsar i Bergen

### Vedlegg:

Høyring av framlegg om midlertidig auka bompengetakstar i Bergen  
Forskrift om mellombelse auka bompengetakstar i Bergen(1335073)(2)

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Statens vegvesen har ved skriv journalført 13.10.2016 sendt på høyring eit forslag til forskrift om mellombels auka bompengesatsar i Bergen. Høyringsfristen er 18.11.2016.

Forslaget inneber femdobling av bompengesatsane på dagar når luftforureininga i byen stig over grenseverdiane som er fastsett i forureiningsforskrifta. Bompengemidlar skal kunne brukast til kapasitetsauke og subsidiering av kollektivtransporten dei dagane auka bompengesatsar vert nytta. Forskrifta er utarbeidd av Samferdselsdepartementet og Vegdirektoratet, etter søknad frå Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune.

Forslaget om femdobling av takstane byggjer på ei fagleg utgreiing i regi av Bergensprogrammet. Det tyder at taksten for personbil vil vere kr 225,- i rushtida og kr 95,- utanom rushtida dei dagane ureininga er for høg. Ordninga skal medføre ein trafikkreduksjon på 40 – 45 %.

Arbeidsgruppa som har vurdert satsane, har kome fram til at trafikken må reduserast med 80 % før bompengeselskapet misser inntekter. Eventuelle meirinntekter skal kunna nyttast til kapasitetsauke og subsidiering av kollektivtransporten, dette er rekna ut til å koste om lag 3 mill pr dag. Bruk av meirinntekter til dette formålet er avgrensa til å gjelde den meirinntekta som auka bompengesatsar faktisk genererer. Kostnader ut over dette må dekkjast av fylkeskommunen, som er ansvarleg for kollektivtransporten.

Dersom forskrifta blir vedteke, vil den kunne bli lagt til grunn for liknande miljøtiltak i andre byar. Merknader frå høyringsinstansane har såleis stor interesse.

### Vurdering

Det er forståeleg at det blir prøvd ut ulike tiltak for å redusere ureininga på dagar då verdiane er store i Bergen sentrum. Så lenge det blir etablert eit alternativt transporttilbod dei dagane dette gjeld, bør ikkje ei heving av takstane vere problematisk. Men det kan bli utfordrande å skaffe fram mange nok bussar og sjåførar på kort varsel; i rushtida er dette eit kritisk punkt. Det må umiddelbart

vere etablert eit kollektivtilbod som er godt nok til å erstatte bilen, og for Meland kommune sin del bør dette tilbodet bestå av ekspressbussar direkte til/frå sentrum, utan stopp i Åsane. Dei ordinære rutene tar seg av anna trafikk utanfor bomringen. Eit alternativ kan vere å sette inn hurtigbåt med plass til fleire passasjerar.

Det kan også bli utfordrande å varsle dei reisande tidsnok og synleg nok slik at ein innretter seg på kollektivtransport i staden for bilkøyring. Dette må det lagast svært gode rutinar på.

I høyringsbrevet blir det hevda at forslaget om heva bompengesatsar ikkje vil ramme barnefamiliar i særleg grad, då dei ikkje brukar mest bil i rushtida. Administrasjonen er noko undrande til denne konklusjonen då henting og bringing i barnehage og vidare reise til arbeidsplassen oftast går føre seg i rushtida, men dette rammar ikkje omegnskommunane i særleg grad og blir ikkje nærare vurdert her.

Folkehelse: Skal føre til betre luftkvalitet i Bergen sentrum

Miljø: Skal føre til betre luftkvalitet i Bergen sentrum

Økonomi: Ikkje relevant i for kommunale budsjett, men kan bety mykje for privatøkonomien

### **Konklusjon**

Under føresetnad av at kollektivtilbodet blir styrka og framstår som effektivt og nyttbart, utan vesentleg auke i reisetid, og med umiddelbar iverksetting dei dagane dette gjeld, bør ordninga med auka bompengetakstar på dagar med høg ureining kunne akseptast, i tråd med forskrifta. Det må utarbeidast ein nøye og gjennomtenkt plan for korleis kapasitetsauken kan gjennomførast i praksis, og korleis tiltaka blir varsla slik at innbyggjarane får høve til å innrette seg på ein god måte. Busstilbodet og evt utvida båtkapasitet må ha Bergen sentrum som mål, direkte.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret har ingen innvendingar mot auka bompengetakstar i Bergen i tråd med forslag til forskrift journalført 13.10.2016, under føresetnad av at:

- Det blir umiddelbart etablert eit fullgodt kollektivtilbod dei dagane dette gjeld
- Denne ekstra innsatsen må bestå av direktebussar til/frå Bergen sentrum, evt også utvida båtkapasitet
- Tiltak må varslast slik at dei som blir ramma kan innrette seg på ein god måte, utan tap av tid

Det vert elles vist til saksutgreiinga over her.»

### **Kommunestyret - 106/2016**

#### **KS - behandling:**

#### **Framlegg til vedtak frå FrP v/Øyvind Bratshaug:**

«Kommunestyret har innvendinger mot økte bompengetakster i Bergen i tråd med forslag til forskrift journalført 13.10.2016, og mener Bergen Kommune må ta tak i utfordringene som ligger bak i lokale utslipp for å få ned lokal forurensing.

I dag er det ikke kapasitet innen kollektivtransporten som kan ivareta den økte belastningen en innføring av økte bompengetakster vil medføre, og kapasiteten kan heller ikke skaffes på kort varsel.»

#### **Felles framlegg til vedtak frå AP, H, KrF, SP:**

"Kommunestyret i Meland meiner at auka bompengetakstar i Bergen i tråd med forslag til forskrift journalført 13.10.2016 berre kan innførast under føresetnad av:

1. Det blir etablert eit fullgodt kollektivtilbod også ute i distriktene dei dagane dette gjeld.
2. Denne ekstra innsatsen må iverksettes i form av auka kapasitet med kollektivtransport (buss/båt) i distriktssonene til/frå Bergen sentrum og innfartsparkering.
3. Tiltak må varslast slik at dei som blir ramma kan innrette seg på ein god måte, utan tap av tid.
4. I tillegg må Bergen kommune ta tak i utfordringane som ligg bak i lokale utslepp for å få ned lokal forureinsing.

Det vert elles vist til saksutgreiinga over her."

#### **Avrøysting:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 2 røyster for, (MDG), 25 røyster mot, (AP, H, FrP, KrF; SP, V, BF), og fall.**

**Framlegg til vedtak frå FrP v/Øyvind Bratshaug fekk 7 røyster for, (4 FrP, 2 V, 1 BF), 20 røyster mot, og fall.**

**Fellesframlegget frå AP, H, KrF, SP fekk 20 røyster for (7 AP, 5 H, 3 KrF, 3 SP, 2 MDG), 7 røyster mot, og er såleis vedteke.**

#### **KS - vedtak:**

"Kommunestyret i Meland meiner at auka bompengetakstar i Bergen i tråd med forslag til forskrift journalført 13.10.2016 berre kan innførast under føresetnad av:

1. Det blir etablert eit fullgodt kollektivtilbod også ute i distriktene dei dagane dette gjeld.
2. Denne ekstra innsatsen må iverksettes i form av auka kapasitet med kollektivtransport (buss/båt) i distriktssonene til/frå Bergen sentrum og innfartsparkering.
3. Tiltak må varslast slik at dei som blir ramma kan innrette seg på ein god måte, utan tap av tid.
4. I tillegg må Bergen kommune ta tak i utfordringane som ligg bak i lokale utslepp for å få ned lokal forureinsing.

Det vert elles vist til saksutgreiinga over her."

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anny Bastesen	FA - L30, TI - &13	16/2401

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
93/2016	Formannskapet	PS	19.10.2016
107/2016	Kommunestyret	PS	09.11.2016

## Høyringsvar - framlegg til endringar i matrikkellova, organisering av oppmålingstenesta

### Vedlegg:

Meland\_Høyringsuttale endringar i matrikkellova

Figur\_Høyringsuttale endringar i matrikkellova

Høyring - Organisering av eiendomsoppmålinga. Framlegg til endringar i matrikkellova  
20160810 Høyringsnotat(378254)(1)

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har på oppdrag frå Stortinga (vedtak 3. mars 2016) utarbeida eit høyringsnotat med framlegg til endringar i matrikkellova av 17. juni 2005.

Framlegget er sendt ut 19. 08.2016, med høyringsfrist 21. 11.2016.

Bakgrunnen for høyringsframlegget var eit politisk innspel om at regjeringa skulle utgreie ei sak om oppheving av det kommunale ansvaret for eigedomsoppmåling. Grunngevinga var m.a. at gebyra varierer stort frå kommune til kommune, at det var lang ventetid på tenesta og at ein ønskjer eit skilje mellom mynde (vedtak etter plan- og bygningslova) og tenesteproduksjon.

Bakgrunn og historikk går fram av vedlagte notat.

#### Kort oppsummering av KMD sitt forslag.

KMD gjer framlegg om å fjerna det kommunale ansvaret for oppmåling av eigedomar og grenser og i staden gjera dette arbeidet om til profesjonsregulert tenesteyting.

Det er såleis gjort framlegg om at Staten skal overta føring av eigedomsdelen i matrikkelen og at det skal etablerast ein privat bransje for eigedomsoppmåling.

KMD grunnjev framlegget til privatisering med at det vil bli enklare for grunneigar å få tilgang til landmåling, det blir billigare og vi får utvikla ein ny bransje i Norge. Kommunal- og moderniseringsministeren uttaler i ei pressemelding: «Vi vil få en mer fleksibel og effektiv organisering av eiendomsoppmålingen. Personer og bedrifter vil få valgfrihet og vi forenkler systemet

med registrering av eiendomsopplysninger, konkurranse og fri prisdannelse på oppmålingsdelen. Å samle mer av ansvaret for eiendomsregistreringen hos Kartverket vil effektivisere arbeidet og sikre ensartet føring av eiendom. Det vil også forenkle samordningen og forbedre kvaliteten.»

Kommunane kan halde fram med oppmålingstenesta, men då i konkurranse med private firma. I høve til konsekvenser av framlegget, meiner KMD at det kan bli dyrare å få målt opp tomter, men at det også kan gå raskare.

I høve til kommunane, ser KMD at det kan vere fare for at mange kommunar mister fagfolk og kompetanse. Kommunane vil framleis ha ansvaret for anna matrikkelarbeid, som adressering og føring av bygningsopplysningar. KMD reknar med at verknaden av endringa vil bli ca. 100 mill. kr i gebyrtap for kommunesektoren som heilskap. Samtidig kan dei kommunale budsjetta reduserast med same sum, og dette vil gå i balanse over tid. Det vil likevel kunne vera eit budsjettproblem for kommunesektoren at den negative verknaden kjem umiddelbart, medan den positive eventuelt kjem etterpå.

KMD reknar vidare med at kostnadane for staten ved å overta matrikkelføringa vil bli ca. 160 millionar kroner, men at det blir ein viss effektiviseringsgevinst og at Kartverket sine auka kostnader til matrikkelføring og autorisasjon vil bli dekkja av gebyr.

### **Vurdering**

Administrasjonen vurderer at framlegget til privatisering av oppmålingstenesta ikkje har den effekten som regjeringa påstår, tvert imot vil endringa føre til auka kostnader og tap av tid.

Oppmålingstenesta er underlagt eit omfattande system og krev mykje forarbeid og undersøkingar, som skal sikre forsvarleg prosess og partane sine rettar. Detaljert gjennomgang av fasene og overgangen mellom dei er illustrert i vedlegg til saka her, i notat og prosesskart. Lovendringa inneber eit skifte av aktørar i prosessen frå kommune til privat firma til staten, og det er vanskeleg å sjå at dette er ein effektiv saksflyt eller forenkla samordning. Administrasjonen kan vanskeleg sjå at ei endring som gjer det dyrare og meir tidkrevande for grunneigarane å få målt opp ein eigedom er å gå i rett retning.

Folkehelse: Ikkje relevant i denne saka

Miljø: Ikkje relevant i denne saka

Økonomi: Grunneigarane må betale meir for tenesta. Kommunen må løyve midlar til å oppretthalde kompetanse for å ivareta det kommunale ansvaret for sin del av prosessen når gebyrinntektene fell vekk.

### **Konklusjon**

Administrasjonen rår sterkt frå at framlegg til lovendring blir vedteke.

### **Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret rår frå at matrikkellova vert endra slik det går fram av høyringsframlegget sendt ut 19.08.2016 frå KMD. Notat datert 10.10.2016 er kommunen sitt høyrings svar i saka, saman med saksutgreiinga.»



### **Formannskapet - 93/2016**

#### **FS - behandling:**

#### **Framlegg til vedtak frå Sigmund Larsen, FrP og Nils Marton Aadland, H:**

"Kommunestyret sluttar seg til framlegg til endringar i matrikkellova, organisering av oppmålingstenesta."

Avrøysting:

**Framlegget frå Sigmund Larsen og Nils Marton Aadland fekk 3 røyster for, (FrP, H, V), 4 røyster mot, og fall.**

**Framlegget frå rådmannen fekk 4 røyster for, (2 AP, SP, KrF), 3 røyster mot, og er såleis vedteke.**

#### **FS – Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret rår frå at matrikkellova vert endra slik det går fram av høyringsframlegget sendt ut 19.08.2016 frå KMD. Notat datert 10.10.2016 er kommunen sitt høyringssvar i saka, saman med saksutgreiinga.»

### **Kommunestyret - 107/2016**

#### **KS - behandling:**

#### **Framlegg til vedtak frå Sigmund Larsen, FrP og Nils Marton Aadland, H:**

"Kommunestyret sluttar seg til framlegg til endringar i matrikkellova, organisering av oppmålingstenesta."

#### **Avrøysting:**

**Formannskapet sitt framlegg til vedtak fekk 16 røyster for, (7AP, 3 SP, 3 KrF, 2 MDG, 1 BF), 11 røyster mot, og er såleis vedteke.**

**Framlegg til vedtak frå Sigmund Larsen og Nils Marton Aadland fekk 11 røyster for (5 H, 4 FrP, 2 V), 16 røyster mot, og fall.**

#### **KS - vedtak:**

«Kommunestyret rår frå at matrikkellova vert endra slik det går fram av høyringsframlegget sendt ut 19.08.2016 frå KMD. Notat datert 10.10.2016 er kommunen sitt høyringssvar i saka, saman med saksutgreiinga.»

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Anny Bastesen	FA - Q12, TI - &13	16/2158

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
108/2016	Kommunestyret	PS	09.11.2016

## Innspel til regional høyringsuttale - Utgreiing om Ringveg øst og E39 nord i Åsane

### Vedlegg:

Høyring - Utgreiing om Ringveg øst og E39 nord i Åsane  
2016\_08\_24\_Hovedrapport  
Vedlegg\_1a\_Trafikkmodell\_tolking\_og\_analyse  
Vedlegg\_2\_Dokumentasjonsnotat\_Transportmodell  
Vedlegg\_3\_Kryss\_i\_tunnel  
Vedlegg\_4\_Kapasitetsberegninger\_Fjøsanger  
Vedlegg\_5\_Konfliktpotensial  
Vedlegg\_6\_Kollektivtransport  
Vedlegg\_7\_Sluttrapport\_ideutvikling

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Statens vegvesen har laga ei utgreiing om Ringveg øst og E39 nord i Åsane, som dei ber om tilbakemelding på. Utgreiinga skal leggjast til grunn for vidare arbeid med planprogram, og etter kvart kommunedelplan. Det kan vere aktuelt med statleg kommunedelplan.

Høyringsfristen er 18.11.2016. Regionrådet skal gje ein felles uttale frå Nordhordlandskommunane. Kvar kommune kan kome med innspel til regionrådet.

Utgreiinga er ei vidareføring av Konseptvalutgreiinga (KVU) for transportsystemet i Bergensområdet i 2011, der det vart tilrådd å starte planprosess for Ringveg øst. I tillegg følgjer utgreiinga opp vedtaket i Bergen bystyre i 2014, der bystyret ber om at trasé og kryssløysingar for E39 mellom Åsane og Nordhordlandsbrua vert utgreidd på nytt.

Statens vegvesen slår fast at spørsmålet om Ringveg øst og løysinga for E39 nord i Åsane er samansett og komplisert. Bygging av ny E39 i nord vil krevje store investeringar og har klare potensiale for konflikter, både når det gjeld trasé, val av løysing og vekting av nasjonale / lokale interesser.

Det er funne tre konsept å velje mellom:

1. Ikkje flytte E39, satse på auka restriksjonar på biltrafikken
2. Konsept «vest» via Eidsvåg, kombinert med auka restriksjonar

### 3. Konsept «øst» via Arna, kombinert med auka restriksjonar.

Statens vegvesen vurderer at byområdet er best tent med Ringveg øst via Arna, med tre alternative traséar nord i Åsane. Av seks alternativ er det skissert tre aktuelle:

- N1 (dagline) frå dagens Hordviktunnel, ved sida av dagens E39 fram til Brurås, vidare gjennom Eikåstunnelen
- N2 i ny tunnel frå Tellevik til Brurås, vidare gjennom Eikåstunnelen
- N3 i ny tunnel frå Tellevik til Blindheim, under Vikaleitet

Statens vegvesen tilrår til slutt å gå vidare med formell kommunedelplan for strekningen Sjølinja/Fjøsanger – Arna – Vågsbotn. Det er ein føresetnad at det blir innført auka restriksjonar på biltrafikk til / frå Bergen sentrum. Ved etappevis utbygging bør strekningen Arna – Vågsbotn prioriterast først. Dei gjeldande planane for Nyborgtunnelen bør leggjast bort. Val av alternativ for E39 gjennom Åsane bør avgjerast gjennom ny kommunedelplan, der dei tre løysingane N1, N2 og N3 blir vurdert.

Statens vegvesen ønskjer innspel på val av korridor og planprosess med eventuell statleg plan.

Alle dokumenta ligg på nettsida til Statens vegvesen:

<http://www.vegvesen.no/sok?query=E39+nord+i+%C3%A5sane>

#### **Vurdering**

Det er interessant å studere utgangspunktet for utgreiinga. Det er dagens folketal og arealbruk som ligg til grunn for modellane som er nytta; verken venta utvikling eller potensialet for større vekst i Bergensregionen er vektlagt. Det er heller ikkje lagt vekt på kva effektar eit betre vegnett kan ha på nærings- og folketalsutvikling.

Det er fokusert på avlastning av biltrafikk til og frå Bergen sentrum, samstundes som det er påvist at transportbehovet i all hovudsak er dominert av bilturar mellom (for vår del) Nordhordland og ytre bydelar, og sentrum. Dette på grunn av stor aktivitet i sentrum og høg andel av arbeidsplassar – i tillegg til service- og kulturtilbod mm. Avlastinga av biltrafikk som følgje av ny ytre ringveg blir dermed liten. For å få ned biltrafikken må derfor andre tiltak setjast inn, som auka bompengesatsar og tiltak på gang- og sykkelvegnettet og innan kollektivtilbodet. Kollektivtransport kan likevel ikkje få prioritet fordi det medfører auka trengsel og kø for biltrafikken. Korleis transportbehovet skal kunne ivaretakast seier ikkje utgreiinga noko om.

Utgreiinga slår fast at måla med ringveg øst og ny vegløyning i nord må spissast og vektast. Det å bli samde om mål og vektning er ei politisk oppgåve, som må avklarast i prosessen/høyringa. Gjennom det arbeidet som er utført til no, er det identifisert følgjande mål, i uprioritert rekkefølge:

- Trafikkavlastning og betre luftkvalitet i Bergensdalen og sentrale deler av Bergen
- Betre kopling mot E16
- Auka trafikktryggleik
- Styrking av felles bu- og arbeidsmarknadsregion
- Trafikkavlastning og grunnlag for byutvikling langs Steinestøvegen
- Trafikkavlastning sentralt i Åsane

- Nullvekst i biltrafikken i Bergen kommune (ekskl. næringstransport og gjennomgangstrafikk)
- Reudserte klimagassutslepp

Administrasjonen saknar vektlegging av E39 mot nord, både den viktige rolla veggen har for transportaksen Trondheim – Bergen og den viktige rolla veggen har som innfartsåre frå Nordhordlandsregionen. Særleg Bergen er avhengig av tilgang på arbeidskraft frå nord, og Hordalandsregionen har mykje på vinne på eit sterkt og veksande næringsliv i Nordhordland. Eit godt tilrettelagt transportnett er avgjerande for at veksten ikkje blir flytta til Oslo eller utlandet.

Både Ringveg øst via Arna og Ringveg vest via Eidsvåg har endepunkt ved Fjøsanger, og leier trafikken utanom sentrum. Ringveg vest er noko kortare, men koplinga mot E16 er mindre avklart. Administrasjonen vurderer at val av øst- eller vest-korridor i seg sjølv har mindre å seie for trafikkavviklinga til / frå Nordhordland. Det er først og fremst gjennomførings- og tidsplan som er avgjerande for kva korridor som er mest hensiktsmessig.

For E39 nord i Åsane sin del blir det hevda at gjennomgangstrafikken som ikkje har sentrum som mål, er liten. Det kan sjå ut til at E39 i hovudsak tener lokaltrafikken gjennom Åsane. For Nordhordlandsbrua er det trafikktalet frå 2013 som er lagt til grunn. Samstundes blir det slått fast at ny ringveg skal byggjast som motorveg med fire kjørefelt og fartsgrense 80 km/t.

Når det gjeld val av trasé N1, N2 eller N3, vurderer administrasjonen at N2 med tunnell og påkopling til Eikåstunnelen er den beste løysinga. N1 i dagen kan lett skape konflikter i høve til eksisterande arealbruk, og N3 har dårleg løysing for Vågsbotn. N3 utnyttar ikkje kapasiteten i Eikåstunnelen/krysset i Vågsbotn, som nyleg er bygd med høg standard.

Tilrådinga frå Statens vegvesen til slutt er vag når det gjeld tidsplan for delprosjekta.

Etter gjennomgangen av utgreiinga vurderer administrasjonen at Nordhordlandskommunane si viktigaste oppgåve er å arbeide for at ny trasé for E39 nord i Åsane får høgaste prioritet i planarbeidet, deretter kjem Ringveg øst. Vidare må kollektivtilbodet styrkast vesentleg for at målet om redusert biltrafikk til Bergen sentrum skal kunna oppfyllast. Rutestrukturen som er i ferd med å bli innført bygger ned tilbodet frå Nordhordland. Det er også vesentleg at ny ringveg, ny E39 nord i Åsane og styrka kollektivtilbod er på plass før nye strenge restriksjonane på biltrafikk til/frå Bergen sentrum blir innført. Dette for å sikre eit reelt alternativ til biltransport og felles bu- og arbeidsmarknadsregion.

Folkehelse: Ikkje relevant for denne saka

Miljø: Skal føre til reduserte klimagassutslepp

Økonomi: Ikkje relevant for kommunebudsjettet, men stor verdi for samfunnet

### **Konklusjon**

Det er positivt at prosessen kring E39 nord i Åsane og Ringveg vest / øst er starta. Det er eit stort samferdselsprosjekt som vedkjem fleire kommunar, og det er potensiale for konflikter både når det gjeld val av løysingar og vektning mellom lokale og nasjonale interesser. Administrasjonen vurderer at ein statleg reguleringsplan er hensiktsmessig.

Administrasjonen meiner det betyr mindre om Ringveg vest eller Ringveg øst blir valt, men rår til at alternativ N2 blir lagt til grunn som trasé i nord. Delprosjektet E39 nord i Åsane må få høgast prioritet både når det gjeld planarbeid og gjennomføring. Sidan strengare restriksjonar på biltrafikken til / frå Bergen sentrum er ein del av konseptet, må kollektivtilbodet styrkast vesentleg.

Det trengs utvida innsikt i kva som må til for at dei reisande til / frå Nordhordland kan prioritere å reise kollektivt.

**Framlegg til vedtak:**

«Kommunestyret i Meland sitt innspel til felles regional høyringsuttale til «Utgreiing om Ringveg øst og E39 nord i Åsane» går fram av saksutgreiinga over.»

**Kommunestyret - 108/2016**

**KS - behandling:**

**Framlegg til vetak frå SP, Høyre, KrF, FrP og Venstre:**

"Kommunestyret mener det er viktig å sikre gode kommunikasjonsårer mellom Nordhordland og Bergen. Delprosjektet E39 nord i Åsane må få høyest prioritet og regulering bør skje i statlig regi for å sikre hurtig fremdrift. Viser ellers til saksutgreiinga over."

**Tilleggsframlegg frå MDG v/Leif Johnsen:**

"Eit fullstendig klimarekneskap for dei ulike alternativa må gjennomførast."

**Tilleggsframlegg frå AP:**

"Statleg reguleringsplan må vurderast om ikkje Bergen startar opp planarbeidet med det første."

**Avrøysting:**

**Tilleggsframlegg frå AP fekk 9 røyster for, (7 AP, 2 MDG), 18 røyster mot, og fall.**

**Framlegget frå SP, H, KrF, FrP og V fekk 18 røyster for, (3 SP, 5 H, 3 KrF, 4 FrP, 2 V, 1 BF), 9 røyster mot, og er såleis vedteke.**

**Tilleggsframlegg frå MDG fekk 8 røyster for, (2 MDG, 3 SP, 2 V, 1 BF), 19 røyster mot, (AP, H, FrP, KrF), og fall.**

**KS - vedtak:**

"Kommunestyret mener det er viktig å sikre gode kommunikasjonsårer mellom Nordhordland og Bergen. Delprosjektet E39 nord i Åsane må få høyest prioritet og regulering bør skje i statlig regi for å sikre hurtig fremdrift. Viser ellers til saksutgreiinga over."

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Ingvild Hjelmtveit	FE - 026, TI - &13	16/2545

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
109/2016	Kommunestyret	PS	09.11.2016

## Høyring - intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland

### Vedlegg:

Intensjonsplan for etablering av Vestlandsregion - høyring

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune har sendt intensjonsplan for samanslåing av fylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland på høyring, med 6 veker høyringstid. Fristen for å gje høyringsuttale er sett til 30 november. Den korte høyringsfristen har samanheng med at saka skal handsamast i Fylkestinget før nyttår.

Intensjonsplanen omhandlar fylgjande tema:

- Mål for samanslåinga
- Eit nytt regionalt forlkevald nivå på Vestlandet
- Leiing, organisering og arbeidsdeling
- Framtidig tenesteyting i Vestlandsregionen
- Tilsette
- Økonomi
- Samansetjing av fellesnemnd i perioden mot 2020
- Val av nytt regionting
- Premissar for Vestlandsregionen

### Vurdering

Med færre og større kommunar som fylgje av kommunereforma er det naturleg at det og vert gjort endringar i dei regionale ledda. Det gjeld både folkevald nivå, som fylkeskommune, men også statleg nivå som til dømes fylkesmann og NAV fylkesledd. Såleis er intensjonsplanen for å slå saman fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland eit steg i rett lei.

I fylgje intensjonsplanen skal Vestlandsregionen vidareutvikle tenester gjennom ein brukarnær og desentralisert setruktur. Det vert likevel utfordrande med så store avstandar og krev nye samhandlingsmåtar og bruk av teknologi/digital kommunikasjon for å kunne vere tett nok på, både internt i organisasjonen og mellom det regionale leddet og kommunane/innbygarane.

Rådmannen meiner at vi må sjå intensjonen om ein ny Vestlandsregion i lys av framtidige oppgåver og utfordringar og ikkje utelukkande på grunnlag av dagens oppgåver og styringsliner. Då bør vi og kunne vente at det vil skje ei utvikling i høve digital kommunikasjon og oppgåver som gjer at den nye organiseringa vert effektiv og tenleg.

### **Mål for den nye Vestlandsregionen**

Det overordna målet med Vestlandsregionen er å bli ein sterk, attraktiv og kompetent samfunnsutviklar og tenesteytar under folkevald leiing.

Det er formulert ulike hovudmål, men tilhøyrande delmål som byggjer opp under det overordna målet.

Måla er ambisiøse, noko dei og bør vere i eit slikt arbeid. Siktemålet med å slå saman tre fylke til ein region må vere at vi skal bli betre i stand til fremje regionen sin interesser inn mot det sentrale statsapparatet.

Både i innleiinga og i avsluninga i intensjonsplanen er det påpeika at det er eit vilkår for etableringa av Vestlandsregionen at dei får behalde dagens oppgåver, samt få tilført nye store samfunnsoppgåver.

Nokre av dei oppgåvene Vestlandsregionen meiner er naturleg for dei, vil og vere naturleg å leggje til ein større kommune som td «Nordhordland kommune». Dette gjeld mellom anna tannhelse og ein del saker innan området natur- og miljøforvaltning. Rådmannen meiner likevel at ein ny Vestlandsregion bør ha som mål og ta over fleire oppgåver frå staten.

### **Eit nytt regionalt nivå på Vestlandet**

Kapittel tre i intensjonsplanen omhandlar mellom anna namn på regionen, representantar i regiontinget og administrasjonssete.

Rådmann meiner namnet Vestlandregionen er eit dekkande namn som definerer tydeleg kva geografisk område det er snakk om.

Det er gjort framlegg om at regiontinget skal bestå av 71 representantar. Dette kan virke som eit stort politisk organ. Men sett i lys av at befolkningsgrunnlaget i den nye regionen er 1,1 mill innbyggjarar er det relativt mange røyster bak kvar representant.

I intensjonsplanen er det lagt opp til at fellesnemnda skal avklare talet på representantar nærare, og sjå dette i lys av kva valordning den nye regionen vil få. I utgangspunktet er det lagt opp til at regionen er ein valkrins. Dette er i tråd med dagens vallov. Dersom det vert gjort endringar i vallov er det teke atterhald om bruk av utjamningamandat.

Administrasjonsenteret for den nye regioner er foreslått langt til Bergen. Her vert rådmannsfunksjonen og politisk leiing lokalisert.

Rådmann har ikkje streke sysnpunkt på kor administrasjonssete for den nye vestlandsregione bør liggje. Det som er avgjerande for lokaliseringa er oppgåve det nye regionale leddet skal ha og kven dei skal kommunisere med i det daglege. Det er omsynet til effektiv dialog med brukar som må vere avgjerande. Rådmann meiner det er vel så viktig at regional stat (fylkesmannen) har

administrasjonssete i Bergen som at det folkevalde regionale leddet har administrasjonssete der. Dersom fylkesmann ska vere ein klage- og rettstryggleiks instans for folk er det viktig at dei er lokalisert slik at flest mogleg av innbyggjarane kan nå dei med ei fornuftig reisetid. Sakshandsaming mot kommunar og andre kan løysast via digitale kanalar.

### **Framtidig tenesteyting**

Etter det vi kan lese av intensjonsplanen ser det ut til at det regionale leddet framleis legg til grunn at dei skal ha alle oppgåver som ligg til fylkeskommunen i dag, og om mogleg overta oppgåver frå staten.

Stortinget har enno ikkje handsama sak om nye oppgåver til større kommunar og regionar. Sett frå kommunal synsvinkel er det ikkje openbart at regionen skal behalde alle oppgåver dei har i dag. Når vi til dømes får ny «Nordhordland kommune» vil denne kommunen både ha kompetanse og storleik til å overta ein del av dei oppgåvene fylkeskommunen har i dag. Det synes ikkje som intensjonsplanen i det heile ser for deg at oppgåver kan bli overført frå dagens fylkeskommunar til primærkommunar.

Folkehelse, ikkje relevant i denne saka

Miljø, auka avstandar kan føre til meir transport og såleis ha innverknad på miljø

Økonomi, stramare offentlege budsjett krev at vi tenkjer nytt i høve organisering av off. verkemd.

### **Konklusjon**

Ut frå den kjennsgjering at det er mindre midlar å drive offentleg sekr for i framtida er det fonuftig å sjå på strukturar. Nye kommunikasjonsmåtar og oppgæer gjer og at det er relevant å vurdere om dagens inndeling i fylkeskommnar settar dei behova vi har i dag. Eventuelle endringar i struktur må fylgjast opp med ein gjennomgang av kor ein mest effektivt løyser ulike oppgåver, og kor nært brukar ulike oppgåver bør liggje.

Mange har i dag eit nokså perifært forhold til fylkeskommunen og kva som er fylkeskommunale oppgåver. Større avstandar kan forstrke dette, og gjere det nye regionale leddet enda meir framand for folk.

### **Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret i Meland sluttar seg til intensjonsavtalen for samaslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Kommunestyret vedtek høyringsuttale i samsvar med saksutgreiinga.

### **Alternativ innstilling**

Kommunestyre i Meland går mot å skipe ein ny vestlandsregion av dagens fylkeskommunar Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Grunngevinga er at den nye regionen vert stor både i areal og folketal, noko som gjer samhandlinga internt vanskeleg.

### **Kommunestyret - 109/2016**

### **KS - behandling:**



**Framlegg til vedtak frå Kjersti V. Nesse, AP:**

"Kommunestyret i Meland meiner at administrasjonsspråket i den nye Vestlandsregionen bør vere nynorsk."

**Avrøysting:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 25 røyster for, (7 AP, 5 H, 4 FrP, 3 SP, 3 KrF, 2 V, 1 MDG), 2 røyster mot, og er såleis vedteke.

Alternativt framlegg til vedtak frå rådmannen fekk 2 røyster for (1 MDG, 1 BF), 25 røyster mot, og fall.

Framlegget frå Kjersti V. Nesse fekk 23 røyster for, (7 AP, 3 H, 2 FrP, 3 SP, 3 KrF, 2 V, 2 MDG, 1 BF), 4 røyster mot, (2 H, 2 FrP), og er såleis vedteke.

**KS - vedtak:**

"Kommunestyret i Meland sluttar seg til intensjonsavtalen for samaslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Kommunestyret vedtek høyringsuttale i samsvar med saksutgreiinga.

Kommunestyret i Meland meiner at administrasjonsspråket i den nye Vestlandsregionen bør vere nynorsk."